



VOLDA

FOTBALLGRUPPA VTI



SPORTSLEG HANDLINGSPLAN
FOR PERIODEN 1989 - 1993

1.0. INNLEIING.

Dette er ein rammeplan som syner mål og middel for fotballaktiviteten i VTI. Det er eit styringsinstrument som skal fremje kontinuiteten i klubarbeidet etter desse hovudprinsippa:


- Utviklinga av fotballen i Volda må basere seg på brei deltaking frå fleire grupper (spelarar, trenarar, dommarar, leiarar og foreldre).
- Den sportslege leiinga skal ligge hos valde tillitsfolk, noko som betyr at spelarar og trenarar må rette seg etter dei retningslinjene som styret dreg opp.
- Fotballen i Volda skal vere for begge kjønn. Derfor er denne planen utforma med same retningslinjer for jenter/kvinner som for gutar/menn.
- Retningslinjene er meinte som klare signal til leiarar, trenarar og spelarar, ikkje minst til dei yngre som på denne måten kan få haldepunkt i arbeidet med eiga utvikling.
- Føresetnaden er at planen skal takast i bruk på alle nivå i fotballgruppa i Volda. Derfor er det lagt vekt på ei kortfatta utforming der berre hovudpunkta vert tekne med.

Vi vonar at det i planen finst idear som spelarar, trenarar og leiarar kan nytte når dei skal tilrettelegge fotballaktiviteten i klubben.

1.1. FORMÅL

LEGGJE TIL RETTE OG UTVIKLE FOTBALLAKTIVITETAR I EIT SUNT OG GODT KLUBBMILJØ MED EIT GJENSIDIG FORPLIKTANDE TILBOD TIL ALLE PÅ ALLE NIVÅ.

FOTBALLEN ER DEN KLART STØRSTE IDRETTE I VOLDA, OG VIDARE UTVIKLING VIL VERE AVHENGIG AV EIT GODT ØKONOMISK OG ADMINISTRATIVT GRUNNLAG SOM OGSÅ KREV PLANLEGGING. I DENNE PLANEN ER DET LIKEVEL DEN FOTBALLFAGLEGE UTVIKLINGA SOM ER TEMAET.



2.0. SPORTSLEGE MÅL

A- LAGET OG DAMELAGET SKAL ETABLERE SEG MELLOM DEI ALLER BESTE I FYLKET.

2.1. GENERELLE FØRESETNADER

Utvikle enkeltspelarane i A-stallen/Damelaget.
Utvikle eit betre lag.
Gjere laget mindre sårbart for skadar.
Større kamp om plassane på laget.
Kontinuitet i arbeidet med sikte på å tole avgang.

3.0. TRENARAR

3.1. A-TRENARAR

MÅL/KRAV

SKAL KUNNE PÅVERKE SLIK AT FOTBALL VERT EIN LIVSSTIL FOR SPELARANE:

VIKTIGE STIKKORD: - ORGANISERING
 - MOTIVASJON
 - PROGRESJON
 - ANSVAR
 - KOMMUNIKASJON

Trenarkontraktane bør legge opp til minimum to-års engasjement. Trenar/lag må likevel kunne oppheve kontrakt etter eitt år.

Det bør vere nært samarbeid mellom A- og jr.trenarar når det gjeld:

- Bruk av spelarar i trening og kamp (A-B og jr.)
- Kontinuerleg faglege diskusjonar om innhald i trening, laguttak, behandling av spelarar m.m.

Samarbeidet mellom A- og jr. trenarar må vere knytt til kontrakt for begge. Prinsippa om spelarbruk bør kvart år avklarast i januar.

Ved val av trenarar må bakgrunn og referansar sjekkast grundig.

3.2. JUNIORTRENARAR

MÅL/KRAV: SJÅ A-TRENARAR.

Det er behov for nært samarbeid mellom juniortrenarar og gute-/jente- trenarar om:

- talentgruppe
- oppflytting av gute-/jentespelarar.
- hospitering av gutespelarar på juniorlaget.

Dette samarbeidet må knytast til kontrakt.

3.3. TRENARAR FOR DEI YNGSTE KLASSANE

For at klubben skal kunne nå dei oppsette måla, må ein allereie frå alderbestemte klassar arbeide for å få:

- fleire trenarar.
- trenarar frå eige miljø.
- betre kvalitet.

For å få dette til må klubben arrangere B-trenar kurs minst ein gong annakvart år både for spelarar (gute/jente og oppover), trenarar og leiarar.

Klubben må kunne tilby utdanning/kurs.Kursutgifter vert dekte av klubben for dei som seinare tek trenar/leiaransvar.

4.0. DOMMARAR

MÅL

AUKE DOMMARTALET I KLUBBEN

BETRE STATUSEN TIL DOMMARAR.

TILTAK

Dommarforum.

Dommarar på seniornivå må få trene saman med A- laga.

Dommarar på seniornivå får treningsutstyr på same vilkår som seniorlaga.

Informasjon om kurs og utdanning.

Motivering

Bruke dommarar i faglege samkomer.

5.0. SPELARAR

5.1. KVALITETSKRAV.

Type spelarar.

Spelarar med fart.

Direktespelarar med hurtig teknikk som kan arbeide raskt i trange situasjonar og under press.

Spelarar med blikk for fleire trekk framover.

Møte- og gjennombrotsspelarar.

Kontringsspelarar.

Spelarar som raskt maktar omstilling angrep ⇔ forsvar.

Spelarar med god fysikk.

Haldningar

Treningsvillige spelarar som yter maksimalt. Vinnartypar.

Skapande spelarar som kan styre spelet.

Ansvarsfulle spelarar som gjer laget betre ved å spele medspelarane gode.

Spelarar som viser lojalitet til laget.

Spelarar som innordnar seg retningslinjer når det gjeld t.d. alkohol og tobakk.

5.2. REKRUTTERING TIL A-LAGET.

Volda bør vere ein klubb der laget vesentleg er samansett av spelarar frå kommunen.

Dette stiller krav til eigenrekruttering, noko som igjen betyr at jr. laget si overordna målsetting bør vere;

- å gjere minst 3-4 spelarar i kvart årskull gode nok til A-stallen seinast når dei er ferdige med junioralder. Dette må sjåast i samanheng med fråfall p.g.a. skulegang, militærtjeneste overgang til andre klubbar, naturleg avgang.
- etablere laget mellom dei 2-3 beste i krinsen.

Når klubben rekrutterer nye spelarar, bør klubben sine eigne spelarar under elles like vilkår prioriterast.

Nye spelarar skal forsterke stammen i laget.

5.3. REKRUTTERING TIL DAMELAGET.

Volda damelag bør vesentleg vere samansett av spelarar frå kommunen, men det bør og vere høve til å ta imot spelarar utanfrå (t.d. skuleelevar) som kan vere med på å forsterke laget og forbetre nivået både spelemessig og sosialt.

Når det gjeld praktisering, skulering og utfordringar syner vi til det som er sagt under talentutvikling.

5.4. KORLEIS REKRUTTERE?

1. Eigenrekruttering.
2. Yngre spelarar med liten eller ingen rutine frå høgre divisjonar.
3. Etablerte spelarar, frå andre lag.

Spelarar under punkt 1 og 2 kan i stor grad formast av klubben og må då nødvendigvis ikkje i utgangspunktet ha alle kvalitetane klubben legg vekt på.

Etablerte spelarar bør ha spesielle kvalitetar og passe inn i klubben sitt sportslege og sosiale klima.

5.5. SPELARUTVIKLING

Skuleringsplan

Sportsutvalet skal utarbeide skuleringsplan i retning av meir teknikk og meir konkrete øvingsframlegg for kvart lag. Det er viktig å kunne nytte teknikkar i pasning, ballkontroll, vendingar med og utan ball, finter, dribblingar, skot og headingar. Skuleringsplanen må også ha med retningslinjer for felles-trening - trening i grupper - individuell trening.

Obligatorisk delkurs 3, "TAKTIKK" for alle gutte-/jente- og juniorspelarar. Ein av klubben sine trenarar held dette kurset kvart år.

Treningsforhold

Utifrå klubben sine målsettingar og behov bør ein legge arbeid i å:

- fullføre treningsfeltet ved stadion.
- lage ny grasbane.
- ruste opp ball-løkker.
- sikre meir hallplass vinterstida.

5.6. TALENTUTVIKLING

Organisering

Talentutvikling skal i hovudsak utførast i det enkelte lag utifrå klubben sin skuleringsplan.

Ein bør vurdere å opprette av talentgruppe for dei beste spelarane på gute-/jente- og jr.lag.

Praktisering

- Stimulere til eigentrening på alle nivå.
 - Gje døme på korleis eigentreningane kan utførast.
 - Legge vekt på merkeprøver.
 - Bruk av idrettshall min. 1 time pr. veke om vinteren til detaljtrening.
- Fotballskule sommartida?
- Ideelle krav til felles aktivitet (trening - kamp) pr. veke i sesongen:
 - minigut/-jente 1-2, lillegut/~jente 2-3, smågut/-jente 3, gut/jente 3-4, junior 3-4.
- Utvide treningstilbodet i oktober og november med vekt på spesialtrening/detaljtrening.

Utfordringar

- Hospitering på eldre lag.
- Vurdere oppflytting av dei beste spelarane frå smågut/småjente og oppover. Oppflytta spelar må vere god nok til å spele på det nye laget.
- Delta i minst ei kvalitetsturnering årleg for gute/jente og junior/dame.
- Treningskampar mot betre lag og eldre lag.

Særskilde tiltak

Det bør vurderast å opprette ei talentgruppe for dei beste gute- og juniorspelarane. Gruppen bør trene ein gong i veka utanom sesongen. Dette må tilpassast den andre aktiviteten i laga. Ein trenar får dette arbeidet som sitt hovudfelt. Den same trenaren bør også ha ansvaret for hospitering og oppflytting av spelarar saman med trenarane på dei laga det gjeld.

Talentutviklinga skal skje i samsvar med retningslinjene i handlingsplanen og skuleringsplanen og det må leggest vekt på å utvikle dei fotballaktivitetane som er nemnde tidlegare i planen.

Det bør innleiast samarbeid med skulane i kommunen med sikte på meir fotballaktivitet i skuletida.

6.0. A-LAGET

Formasjonar

Klubben bør vurdere nytten av ein VOLDA-stil for A-laget og jr. laget. Sportsutvalet bør ha ansvar for diskusjonen i klubben med eventuell oppfølging. Før dette er gjort er det vanskeleg å definere kva spelartypar klubben bør prioritere.

Stikkord kan likevel vere:

Spelarar som RASKT og PRESIS set spelet i gang etter ballerobring.
Spelarar av BINDELEDDSTYPEN.

Spelarar av MØTETYPEN.

Spelarar av GJENNOMBROTSTYPEN.

Spelarar som kan gjennomføre LANGE GJENNOMBROTSLØP MED OG UTAN BALL.

Spelarar som er DYKTIGE I VENDINGAR MED OG UTAN BALL.

Andre tiltak

Utifrå dei målsettingar og behov ein har i klubben bør det utarbeidast to-års spelekontraktar eventuelt differensierte i A- og B-kontraktar.

Prestasjonsorienterte spelekontrakter ?

A-laget må legge sterk vekt på eit stabilt prestasjonsnivå. Laget må ha progressiv matchtrening og topp haldning til kamp uansett motstandar.

Dette behovet må dekkast gjennom aktivitetsplanen for A-laget.

Færre skadar og betre helse;

Lege/fysioterapeut som følgjer laget og iverkset forebyggande tiltak.

Desse held kurs for spelarar om skadeforebygging m.m..

Spelarar må binde seg gjennom kontrakt til å følge det opplegget klubben har på helsesida.

6.1. B-LAG/REKRUTTERINGSLAG

MÅL / FORMÅL

REKRUTTERE SPELARAR TIL A-LAGET

REHABILITERE SKADDE SPELARAR.

PRØVE SPELARAR PÅ NYE PLOSSAR.

Måla til B-laget kan ein nå gjennom rekruttering - utvikling/skulering av spelarane.

Også B-laget skal ha kampgjennomgåing etter kvar kamp.

Også bak B-laget må der vere eit støtteapparat.

Prioritering av spelarar på B-laget:

1. Seniorspelarar i A-stallen.
2. Juniorar.

Laget bør nytte same spelestil som A-laget.

6.2. JUNIORLAGET

HOVUDMÅL

HOVUDMÅLET MED JUNIORLAGET ER Å UTVIKLE A-SPELARAR.

DELMÅL (SOM LAG)

ETABLERE LAGET MELLØM DEI BESTE I KRINSEN.

Klar vektlegging av KVALITET I ALT treningsarbeid.
Sterk vektlegging på individuelle ferdigheiter.

For å utvikle og skulere spelarane bør dei sportslege utfordringane verte større. Dette kan gjerast ved t.d.:

- å delta i minst ei kvalitetsturnering i året.
- å spele mot eldre lag.
- å delta i treningsleir med krevjande matching ?

Kort fotballferie om sommaren, maks. 14 dagar. Individuell tilpasning.

Klare retningslinjer for bruk av juniorspelarar i høve til juniorlag/A-lag.

For komande sesong skal retningslinjene vere som fylgjer:

1. A-trenar disponerer spelarar i A-stallen.
Juniorar som er tekne opp i A-stallen, skal ha minst 4 treningar/kamp i veka. Minst ei av treningane skal vere på juniorlaget, dersom ikkje vedkomande spelar "fast" på A-laget.

2. Juniorar bør ikkje spele meir enn to B-kampar på rad.
3. Klubben bør opprette ei hospiteringordning for juniorspelarar, slik at enkeltspelarar periodevis får trene med A-laget. Maks. 2 spelarar om gongen. 14 dagar - 3 veker.

6.3. JENTE/DAME

I utgangspunktet gjeld denne planen for begge kjønn. Likevel er det trong for særskilde tiltak for jentene.

Det må skaffast fleire dyktige trenarar og leiarar.

Jenter må motiverast til å gå på kurs og ta leiaransvar i klubben.

Jentene må oppmuntrast til å satse på damelaget slik at ein får større breidde og kamp om plassane.

6.4. DEI YNGSTE KLASSANE.

MÅL

FØREMÅLET ER Å UTVIKLE FOTBALLAKTIVITETAR OG INDIVIDUELLE FERDIGHEITER I EIT SUNT OG GODT KLUBBMILJØ . MÅLET MED GUTELAGET/JENTELAGET ER Å UTVIKLE A-SPELARAR/ DAMESPELARAR.

MÅL FOR FOTBALLAKTIVITETEN PÅ ULIKE ALDERSSTEG FOR BEGGE KJØNN.

ALDERSGRUPPE	PROFIL	TEKNIKK	VANAR/HALDNING

6 - 10 ÅR	SOSIAL	MERKEPRØVE: BLÅTT/RAUDT	VENLEG FRAMFERD BRUKE LEGGSKINN MØTE I RETT TID
11-12 ÅR	SOSIAL	MERKEPRØVE: RAUDT/BRONSE	OPPVARMING/UTTØYING SUNT KOSTHALD (SNOP/BRUS DÅRLEG GRUNNLAG FOR KAMP OG TRENING) RESPEKT FOR DOMMAR SIVILISERT SPRÅK
13-14 ÅR	SOSIAL/ SPORTSLEG	MERKEPRØVE: BRONSE/SØLV	ANSVAR FOR BÅDE EIGA UTVIKLING OG DET SOSIALE MILJØET I LAGET.
15-16 ÅR	SPORTSLEG	MERKEPRØVE: SØLV/GULL	INNSJÅ AT TOBAKK OG RUSMIDDEL ER HINDER FOR FRAMGANG

Med sosial profil meiner ein at;

- resultata er underordna.
- alle får spele.
- rullering av speleplassar.
- ikkje toppe laget, ingen faste innbytarar.
- alle skal ha det morosamt.
- utvikle gode haldningar.

Teknikk-krava er knytte til merkeprøvene som skal avleggast kvart år. Spelarane bør trene så mykje på øvingane at dei fleste greier krava som er sett opp for aldersgruppa. Denne aktiviteten skal også vere ein del av dei ordinære treningane.

Sunne vanar og gode haldningar går hand i hand med sportsleg utvikling. Dei punkta som er nemnde kan sjøvsagt takast opp på eit tidlegare alderssteg.

Ovannemnde er meint som ei rettesnor. Her må sjølvsagt vere rom for tilpasning.

Om praktisering, skulering og utfordringar vert det synt til det som er sagt under spelarutvikling-/talentutvikling.

Det bør leggest størst vekt på kamptilbodet til guttelaget og jentelaget.

I aldersbestemt fotball f.o.m. guttelag/jentelag bør "Er du god nok, er du gammel nok" gjelde.

6.5. SLUTTORD

Framgangen for Volda-fotballen krev seriøst arbeid på alle nivå. Meininga med denne planen er å systematisere arbeidet med fotballutviklinga i Volda. Dette er ei krevjande oppgåve, men fotballen må likevel ikkje verte gravalvorleg. Den gode fotballhistoria og humoren høyrer med både på og utanfor bana i motgang såvel som i medgang.